TIME KOMMUNE

Fagstab oppvekst

Referat frå møte i KFU (Kommunalt foreldreutval i Timeskulen)

Dato: 27.10.2026 kl. 18.00-20.00
Møtestad: Fritz Røed, inngang C, 1. etasje på rådhuset

Møtte: Kristian Hognestad, Hognestad skule,
Hognestad, Bryne ungdomsskule, Magda Line Bryne skule, Trine Selvikvåg, Frøyland skule, Nina Holen Lye ungdomsskule, Ina Eik, Rosseland skule, Unni Sjølyst-Kverneland, Frøyland ungodomsskule, Beate Kyllingstad Kvia, Vardheia ungdomsskule, Jon Harald Ødegård Egeland, Undheim skule, Jeanette Hansen, Lye skule, Rannveig Undheim, Utval for levekår, Elsa Djuve Jerstad, skulesjef

Referent: Magda Line, Bryne skule

1. Presentasjon av medlemene og mandat for KFU

2. Informasjon om oppstarten hausten 2026

Informasjon frå skulesjefen

Gode søkjartal til lærarstillingane. Det er fleire kvalifiserte søkjarar enn ledige stillingar. Tilsette er stabile.

Skuleskyss Undheim

Det har vore mykje utfordringar med skuleskyssen i Undheimkrinsen. Ny underleverandør, nye sjåførar og eit dårlegare tilbod har skapt utfordringar. Det blir òg gjort endringar i vurderinga av farleg skuleveg. Førre utgreiing vart gjennomført i 2017, og mykje har endra seg sidan den gong. Det skal derfor gjennomførast ei ny utgreiing. FAU vil få høve til å gi innspel om korleis skulevegen er i deira krins. Barnetråkk kjem på neste KFU-møte for å informera om skuleveg.

Kommentarar frå KFU

- *Forslag om at KFU kan semjast om at elevar ikkje bør sykla til skulen før 5. trinn.*
- *Vi bør samlast om eit felles reglement for trafikktryggleik på skulane.*
- *På Vardheia ungdomsskule har Klepp kommune ansvaret for elevane i sin krins.*

Skulefråvær

Politikarane ønskjer særleg rapportering om skulefråvær. Kommunen søkte om midlar til å delta i *Back to School*, men fekk avslag. Kommunen meiner at ein ikkje har råd til å la vere, og finansierer derfor tiltaket sjølv.

Tre personar frå kommunen får opplæring i korleis dei skal handtera elevar med meir enn 20 % fråvær. *Back to School* er eit forskingsprosjekt i regi av UiS og samarbeidspartnarar. Opplegget er strengt og krevjande, men gir gode resultat. Arbeidet tek for seg utfordringar som er knytte til skulefråværet. Tilbodet gjeld elevar mellom 9 og 15 år. Ein ser best effekt på mellomtrinnet. Skulane forpliktar seg til å delta.

Skulefråvær og skulenærvær blir tema på neste møte.

Les deg til Ullevaal

Oppstart måndag 1. november. Kommunen har fått svært mange førespurnader og har takka nei til alle utanom Nasjonalt lesesenter, som skal forska på leseglede. Opninga av boka frå Håland i biblioteket skjer snart. Der ønskjer ein så mange elevar som mogleg og så få vaksne som mogleg.

Flaggreglement

Nytt reglement for all flagging er vedteke. Regnbogeflagget skal flaggast med ved pride-markeringar i kommunen.

Økonomiplan

Det kjem ein auke på 14,9 % i talet på barn og unge. Dei fleste kjem til Bryne og Kverneland.

Kommentar frå KFU:
Ein bør driva kommunen slik at ein kan styra kva utvikling ein ønskjer på sikt. Kven ønskjer ein å satsa på? Ein bør ikkje berre la tilfeldigheiter og utbyggjarar bestemma korleis statistikken utviklar seg.

Meir pengar til FON.

Kommentar frå KFU om branntilsyn og utbetringar for 9 mill. kroner på Hognestad:
Dette har blitt dyrt fordi ein valde å ikkje gjera noko for fem år sidan. Mykje av dette, som sløydsal og gymsal, gir rett til momskompensasjon. Kommunen må ikkje bli overraska over at bygg som ikkje blir vedlikehaldne, blir dyre å utbetra til slutt.

ATO

Søknadsfrist er 1. november. Tilbodet er bygt for 20 elevar, men startar med 10-12 elevar.

Tilstandsrapport

Råte og fukt blir prioriterte område. Rektorane vil gå gjennom rapporten saman med FAU ved dei ulike skulane.

Kommentar frå KFU:
Sjå til Vardheia ungdomsskule, der elevar har eit fag som bidreg til drift av skulen. Er det skilnader mellom skular som har eigen vaktmeister og skular som ikkje har det? Kan dette vera meir økonomisk?

3. Runde frå skulane

Lye skule: VID skal forska på samarbeidet mellom heim og skule.

Hognestad skule: Bryne musikkorps hadde samling på Hognestad i helga. Trafikkampanjen fekk premien «Den kjempestore pæra». Det finst skulebillettar ein kan kjøpa for 140 kroner.

Bryne skule: Besøk av statsministeren. Dette vart ei stor suksess og ei flott oppleving for både elevar og vaksne.

Frøyland skule: Har teke i bruk Spond til foreldrekommunikasjon. Erfaringane har vore svært positive.

Frøyland kan dela «oppskrifta» på korleis ein set opp Spond med KFU.

Vardheia ungdomsskule: Har klassar på tvers av trinn i valfag innan praktiske fag. Frøyland har tilsvarande ordning.

Frøyland ungdomsskule: Arbeid med 10.-klassefesten.

Forslag til møtedatoar for KFU

9. desember

10. februar

14. april

26. mai